

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 162/2014**

162-2015n

av 25. september 2014

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "EØS-avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsbeslutning 2014/90/EU av 14. februar 2014 om endring av vedlegg I til vedtak 2004/558/EF med hensyn til godkjenning av et kontrollprogram for utryddelse av infeksøs bovin rhinotrakeitt i en region i Italia<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2014/91/EU av 14. februar 2014 om endring av vedlegg II til vedtak 93/52/EØF med omsyn til godkjenninga av visse regionar i Italia og Spania som offisielt frie for brucellose (*B. melitensis*), og om endring av vedlegg I, II og III til vedtak 2003/467/EF med omsyn til fråsegna om at Ungarn er offisielt fritt for tuberkulose, at Romania og visse regionar i Italia er offisielt frie for brucellose, og at visse regionar i Italia er offisielt frie for enzootisk bovin leukose<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2014/177/EU av 27. mars 2014 om endring av vedlegg II til vedtak 2003/467/EF med omsyn til fråsegna om at Litauen er offisielt fri for brucellose<sup>(3)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld føresegner om andre levande dyr enn fisk og akvakulturdyr. Som nemnd i nr. 2 i den innleiande delen til kapittel I i vedlegg I til EØS-avtala skal slike føresegner ikkje gjelde for Island. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Island.
- 5) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 6) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I del 4.2 kapittel I i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 14 (kommisjonsvedtak 93/52/EØF) skal nytt strekpunkt lyde:  
– **32014 D 0091**: Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2014/91/EU av 14. februar 2014 (EUT L 46 av 18.2.2014, s. 12)."
2. I nr. 70 (kommisjonsvedtak 2003/467/EF) skal nye strekpunkt lyde:  
– **32014 D 0091**: Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2014/91/EU av 14. februar 2014 (EUT L 46 av 18.2.2014, s. 12),  
– **32014 D 0177**: Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2014/177/EU av 27. mars 2014 (EUT L 95 av 29.3.2014, s. 45)."
3. I nr. 80 (kommisjonsvedtak 2004/558/EF) skal nytt strekpunkt lyde:  
– **32014 D 0090**: Kommisjonenens gjennomføringsbeslutning 2014/90/EU av 14. februar 2014 (EUT L 46 av 18.2.2014, s. 10)."

<sup>(1)</sup> TEU L 46 av 18.2.2014, s. 10.

<sup>(2)</sup> TEU L 46 av 18.2.2014, s. 12.

<sup>(3)</sup> TEU L 95 av 29.3.2014, s. 45.

*Artikkel 2*

Teksta til gjennomføringsbeslutning 2014/90/EU og gjennomføringsavgjerd 2014/91/EU og 2014/177/EU på norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 26. september 2014, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*).

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel 25. september 2014.

For EØS-komiteen

**Kurt Jäger**

Formann

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.